

Status Mars 2020

I forskingssirkelen deltek to personar frå NAV og to personar frå barnevernet, to foreldre med erfaring frå både barnevernet og NAV og to ungdommar med erfaring frå barnevernet som har vekse opp i familiar med låg inntekt. Alle brukarane og dei profesjonelle er del av barnevernet og NAV i den same kommunen.

Vi har hatt 4 møte i forskingssirkelen så langt, der arbeidet starta med å utforske deltakarane sine erfaringar med og forståingar av kva det vil seie å medverke for barn. På bakgrunn av dette, vart gruppa samde om å diskutere kva som hemmar og fremmar medverknad på tre ulike nivå:

- Individnivå (kunnskap/kompetanse, haldningar og ferdigheiter hjå brukar og den profesjonelle- inkludert forhold ved relasjonen)
- Organisatorisk nivå (fysiske og materielle forhold, rutinar/prosedyrer, tid og ressursar i tenestene)
- Samfunnsnivå (skam/tabu knytt til fattigdom, verdiar og normer knytt til barns deltaking og medverknad)

Diskusjonane har vore gode og lærerike, og planen er å komme gjennom alle tema i løpet av juni. Då går arbeidet over i fase to der vi på bakgrunn av diskusjonane blir samde om å prøve ut nye modellar for samarbeid mellom barnevernet og NAV som kan betre mogelegheiter for brukarmedverknad for barn. Vi skal både utvikle samarbeidsmodellar for praksis i tenestene og vi skal utvikle undervisningsopplegg for utdanningsprogram ved Høgskulen på Vestlandet.

I tillegg til møta i forskingssirkelen vert det jobba med å gjennomføre ein systematisk litteraturstudie om vilkår for barns deltaking i sosiale tenester. I litteraturstudien vil me utforske og gjennomføre analysar av eksisterande forskingslitteratur om korleis barn sjølv forstår og definerer brukarmedverknad, kva ønske og behov dei har for medverknad og kva barrierer og muligheter dei har opplevd for brukarmedverknad i sosiale tenester.